



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Utval for levekår
Møtedato:	14.10.2025
Møtetid:	09:00 - -14:30
Møtestad:	Frekhaug - Kommunehus, Formannskapssalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Kjell Idar Vangberg	leiar	AP	
Vigdis Villanger	medlem	SP	
Tone-Marit Øvretveit	medlem	AP	Permisjon i sak PS
Dyrkolbotn			27/25, PS 28/25, RS
			24/25, RS 25/25
Matias Hatland Våge	medlem	AP	
Kari Solveig Sæthre	nestleiar	SV	
Ida Rambech	medlem	H	
Asle Hetlebakke	medlem	KRF	
Marius Hellan	medlem	V	
Hindenes			

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Jon Askeland	MEDL	SP
Joakim Byrknes	MEDL	KRF
Marie Mostraum	MEDL	FRP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Gunn Tove Kalnes Skjervheim	varamedlem	SP	
Jorunn Blindheim Kolstad	varamedlem	KRF	
Nina Stabell Øvreås	varamedlem	FRP	
Noah Sellevoll	varamedlem	AP	Vara i sak PS 27/25, PS 28/25, RS 24/25, RS 25/25

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Veronika Sjursæter Eide

Møtesekretær

Kristin Moe

Kommunalsjef

Helge Kvam

Irene Hystad Hugaas

Leif Bjørnar Hopland

Nadia Margrethe Molland

Torgeir Andvik

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Veronika Sjursæter Eide

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 27/25	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 28/25	Godkjenning av møteprotokoll 02.09.25	
PS 29/25	Forskrift om skulereglar for kommunale grunnskular i Alver kommune	
PS 30/25	Forskrift om hovudmål for kommunale grunnskular i Alver	
PS 31/25	Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa	
PS 32/25	Verbalpunkt om miljøarbeid i skulen	
PS 33/25	Alver i endring og omstilling - fase 2	
PS 34/25	Planprogram Regional plan for verdiskaping og kompetanse - uttale	
PS 35/25	Politisk møteplan 2026	
PS 36/25	To katter på loftet - Søknad om utviding av skjenketid i skjenkeløyve	
PS 37/25	Alver bakeri og catering AS - søknad om skjenkeløyve	
PS 38/25	Orienteringar til Levekår 14.10.25	
RS 23/25	Status Alvermodellen v/Randi Kvinge	
RS 24/25	Status Knarvik aktivitetspark	
RS 25/25	Status ungdomsmiljø - førebyggjande arbeid v/poltikontakten	
RS 26/25	Orientering Alver kommunedelplan	

PS 27/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Utval for levekår - 14.10.2025:

Ingen merknader til innkalling.

Sak RS 24/25 og RS 25/25 blir satt opp på sakslista etter sak PS 28/25.

Saksliste er godkjent med dei endringar.

Vedtak i Utval for levekår - 14.10.2025:

Innkalling og saksliste er godkjent med endringar.

PS 28/25 Godkjenning av møteprotokoll 02.09.25 Godkjenning av
møteprotokoll 02.09.25 07.10.2025 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 14.10.2025:

Ingen merknader.

Vedtak i Utval for levekår - 14.10.2025:

Møteprotokollen er godkjent.

PS 29/25 Forskrift om skulereglar for kommunale grunnskular i Alver kommune Forskrift om skulereglar for kommunale grunnskular i Alver kommune 03.10.2025 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 14.10.2025:

Framlegg frå Tone Marit Dyrkolbotn-AP:

Endringsforslag:

§12 Fjerna "umyndige" i siste avsnitt.

- Framlegget vart samrøystes vedteke

Framlegg frå Tone Marit Dyrkolbotn-AP:

Endringsforslag:

Vera konsekvent på bruk av ordet "føresette", eventuelt "føresette/foreldre".

-Framlegget var samrøystes vedteke

Framlegg frå Tone Marit Dyrkolbotn-AP:

Tilleggsforslag:

§8, siste punkt:

Leggja til sjøve paragrafhenvisinga.

-Framlegget vart samrøystes vedteke

Framlegg frå Tone Marit Dyrkolbotn-AP:

Endringsforslag:

Foreslår endringar i følgjande tekst i forskrifta under § til:

§ 9 Fråvær

Elevane har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Ved sjukdom og anna fråvær skal skulen ha beskjed same dag før skuledagen tek til. Alt fråvær frå timane blir registrert i skulen sitt system for registrering av fråvær. Faktisk fråvær vert registrert . Alver kommune har utarbeidd eigne rutinar for oppfølging av fråvær.

§ 22 Delegering av myndigheit til skulane

I tillegg til den lokale forskrifta for Alver kommune skal den einskilde skule i tillegg fastsetje reglar i klassen og/eller på trinnet. Fastsetjing av reglar på den einskilde skulen er ei viktig oppgåve for skuledemokratiet. Lokale reglar på skulenivå skal ikkje ta frå elevane rettar dei har etter lokal forskrift for Alver kommune.

- Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Ida Rambech-H, Tone Marit Dyrkolbotn-AP:

Ny §12 andre ledd:

Gjenstander, til dømes mobiltelefonar, som blir brukte i strid med det lokale ordensreglementet kan mellombels inndragast og skal seinast leverast tilbake på slutten av skuledagen. Det same gjeld dersom eleven har med seg gjenstander som, etter forskrift og skulereglar, ikkje blir aksepterte.

- Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med dei endringsforslag vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 14.10.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar forskrift om skulereglar for dei kommunale grunnskulane slik den ligg føre, med følgjande vedteke endringsforslag:

- §12 Fjerna "umyndige" i siste avsnitt.

- Vera konsekvent på bruk av ordet "føresette", eventuelt "føresette/foreldre".

- §8, siste punkt: Leggja til sjøve paragrafhenvisinga.

- Foreslår endringar i følgjande tekst i forskrifta under § til:

- **§ 9 Fråvær**

Elevane har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Ved sjukdom og anna fråvær skal skulen ha beskjed same dag før skuledagen tek til. Alt fråvær frå timane blir registrert i skulen sitt system for registrering av fråvær. Faktisk fråvær vert registrert . Alver kommune har utarbeidd eigne rutinar for oppfølging av fråvær.

- **§ 22 Delegering av myndigheit til skulane**

I tillegg til den lokale forskrifta for Alver kommune skal den einskilde skule i tillegg fastsetje reglar i klassen og/eller på trinnet. Fastsetjing av reglar på den einskilde skulen er ei viktig oppgåve for skuledemokratiet. Lokale reglar på skulenivå skal ikkje ta frå elevane rettar dei har etter lokal forskrift for Alver kommune.

- Ny §12 andre ledd: Gjenstander, til dømes mobiltelefonar, som blir brukte i strid med det lokale ordensreglementet kan mellombels inndragast og skal seinast leverast tilbake på slutten av skuledagen. Det same gjeld dersom eleven har med seg gjenstander som, etter forskrift og skulereglar, ikkje blir aksepterte.

PS 30/25 Forskrift om hovudmål for kommunale grunnskular i Alver
Forskrift om hovudmål for kommunale grunnskular i Alver 03.10.2025
00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 14.10.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 14.10.2025:

Forskrift om hovudmål for kommunale grunnskular i Alver vert vedteke.

PS 31/25 Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa 03.10.2025 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 14.10.2025:

Framlegg frå Tone Marit Dyrkolbotn-AP;

Forslag til endring i §5 punkt 2:

Fjerna "familie" slik at punktet vert slik:

"Ved hendingar av særleg sorgprega karakter, til dømes dødsfall eller gravferd. Dette gjeld også på dagar der det blir gjennomført prøvar eller førebuing til prøvar."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart med endringsforslag samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 14.10.2025:

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyre vedtar forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa slik den ligg føre, og at forskrifta blir sendt på høyring.

Forslag til endring i §5 punkt 2:

Fjerna "familie" slik at punktet vert slik:

"Ved hendingar av særleg sorgprega karakter, til dømes dødsfall eller gravferd. Dette gjeld også på dagar der det blir gjennomført prøvar eller førebuing til prøvar."

PS 32/25 Verbalpunkt om miljøarbeid i skulen Verbalpunkt om miljøarbeid i skulen 06.10.2025 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 14.10.2025:

Felles framlegg frå utvalet:

Kommunestyret har ein tydeleg intensjon om å styrkje miljøarbeidet i skulane så snart det er mogleg.

Styrkinga skal ikkje gå på bekostning av lærarressursane.

Etablering av fleire miljøarbeidarstillingar i skulen skal finansierast ved å omprioritere innafor den totale budsjetttramma til kommunen, finansiering vert å koma tilbake til ifbm. budsjettarbeidet for 2026.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

Vedtak i Utval for levekår - 14.10.2025:

Kommunestyret har ein tydeleg intensjon om å styrkje miljøarbeidet i skulane så snart det er mogleg.

Styrkinga skal ikkje gå på bekostning av lærarressursane.

Etablering av fleire miljøarbeidarstillingar i skulen skal finansierast ved å omprioritere innafor den totale budsjetttramma til kommunen, finansiering vert å koma tilbake til ifbm. budsjettarbeidet for 2026.

PS 33/25 Alver i endring og omstilling - fase 2 Alver i endring og omstilling - fase 2 18.09.2025 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 14.10.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 14.10.2025:

Saka leggst fram til drøfting og vidare prosess fram mot kommunestyremøte 23. oktober

PS 34/25 Planprogram Regional plan for verdiskaping og kompetanse
- uttale Planprogram Regional plan for verdiskaping og kompetanse -
uttale 07.10.2025 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 14.10.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 14.10.2025:

Høyringsvar til Vestland fylkeskommune sitt planprogram for Regional plan for
verdiskaping
og kompetanse framgår under kommunedirektøren si tilråding

PS 35/25 Politisk møteplan 2026 Politisk møteplan 2026 06.10.2025
00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 14.10.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 14.10.2025:

Politisk møteplan for 2026 vert vedteke som den ligg føre til saka.

PS 36/25 To katter på loftet - Søknad om utviding av skjenketid i skjenkeløyve To katter på loftet - Søknad om utviding av skjenketid i skjenkeløyve 30.09.2025 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 14.10.2025:

Framlegg frå Matias Våge-AP, Marius H. Hindenes-V:

1. To kattar på loftet AS org.nr. 934 310 292 får innvilga utvida skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 i søkte om lokale i Kvernhusmyrane 3, 5914 Isdalstø i perioden frå 15.10.25 – 30.09.28
2. Løyvet gjeld for innandørs skjenking med om lag 150 gjestar.
3. Løyvet for utandørs skjenking gjeld for om lag 80 gjestar.
4. Skjenketid for alkoholhaldig drikk innandørs for gruppe 1 og 2 er:
 - Onsdag og torsdag frå kl. 08.00-02.00.
 - Fredag og laurdag frå kl. 08.00-02.00.
 - Sundag frå kl. 12.00 -02.00.
5. Skjenketid for alkoholhaldig drikk innandørs for gruppe 3 er:
 - Onsdag og torsdag frå kl. 13.00- 01.00
 - Fredag og laurdag frå kl. 13.00-01.00.
 - Sundag frå kl. 13.00-01.00.
6. Skjenketid gruppe 1 og 2 utandørs vil vere:
 - Onsdag og torsdag frå kl. 08.00-02.00,
 - Laurdag frå kl. 08.00-02.00
 - Sundag frå kl. 12.00-02.00.
7. Skjenketid gruppe 3 utandørs vil vere:
 - Onsdag og torsdag frå kl. 13.00-01.00,
 - Laurdag frå kl. 13.00-01.00
 - Sundag frå kl. 13.00-01.00.
8. Styrar: Richard Opdal Walaker f. 13.10.95
Avløysar: Linda Opdal f. 28.22.73

Side 2 av 5

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagetilgang: Klagefrist er 3 veker etter motteken melding om vedtak, jf. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Kommunedirektøren tilrår at utvida skjenketid for alminneleg løyve innandørs i gruppe 1–3 vert innvilga, i samsvar med skjenketidene fastsett i alkoholpolitisk plan for Alver kommune. Kommunedirektøren tilrår at utvida skjenketid for alminnelege løyve utandørs i gruppe 1–3 vert innvilga, i samsvar med skjenketidene fastsett i alkoholpolitisk plan for Alver kommune.

Framlegget vart vedteke med 9 røyster for og 2 røyster mot. (Asle Hetlebakke-KRF, Jorunn M. Kolstad-KRF)

Kommunedirektøren sitt vedtak fall med 2 røyster for og 9 røyster mot. (Mairus H. Hindenes-V, Matias Våge-AP, Kjell Idar Vangberg-AP, Tone Marit Dyrkolbotn-AP, Gunn Tove Skjervheim-SP, Kari Sæthre-SV, Vigdis Villanger-SP, Ida Rambech-H, Nina S Øvreås-FRP)

Vedtak i Utval for levekår - 14.10.2025:

To kattar på loftet AS org.nr. 934 310 292 får innvilga utvida skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 i søkte om lokale i Kvernhusmyrane 3, 5914 Isdalstø i perioden frå 15.10.25 – 30.09.28

2. Løyvet gjeld for innandørs skjenking med om lag 150 gjestar.

3. Løyvet for utandørs skjenking gjeld for om lag 80 gjestar.

4. Skjenketid for alkoholhaldig drikk innandørs for gruppe 1 og 2 er:

- Onsdag og torsdag frå kl. 08.00-02.00.
- Fredag og laurdag frå kl. 08.00-02.00.
- Sundag frå kl. 12.00 -02.00.

5. Skjenketid for alkoholhaldig drikk innandørs for gruppe 3 er:

- Onsdag og torsdag frå kl. 13.00- 01.00
- Fredag og laurdag frå kl. 13.00-01.00.
- Sundag frå kl. 13.00-01.00.

6. Skjenketid gruppe 1 og 2 utandørs vil vere:

- Onsdag og torsdag frå kl. 08.00-02.00,
- Laurdag frå kl. 08.00-02.00
- Sundag frå kl. 12.00-02.00.

7. Skjenketid gruppe 3 utandørs vil vere:

- Onsdag og torsdag frå kl. 13.00-01.00,
- Laurdag frå kl. 13.00-01.00
- Sundag frå kl. 13.00-01.00.

8. Styrar: Richard Opdal Walaker f. 13.10.95

Avløyser: Linda Opdal f. 28.22.73

Side 2 av 5

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagetilgang: Klagefrist er 3 veker etter motteken melding om vedtak, jf. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Kommunedirektøren tilrår at utvida skjenketid for alminneleg løyve innandørs i gruppe 1–3 vert innvilga, i samsvar med skjenketidene fastsett i alkoholpolitisk plan for Alver kommune.

Kommunedirektøren tilrår at utvida skjenketid for alminnelege løyve utandørs i gruppe 1–3
vert innvilga, i samsvar med skjenketidene fastsett i alkoholpolitisk plan for Alver kommune.

PS 37/25 Alver bakeri og catering AS - søknad om skjenkeløyve Alver bakeri og catering AS - søknad om skjenkeløyve 30.09.2025 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 14.10.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 14.10.2025:

1. Alver bakeri og catering AS org.nr. 934047486 får innvilga skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 i omsøkte lokale i Hagelia 6, 5914 Isdalstø i perioden frå 15.10.25 – 30.09.28

2. Løyvet gjeld for innandørs skjenking med om lag 100 gjestar.

4. Skjenketid for alkoholhaldig drikk for gruppe 1 og 2 er:

☐Mand – søndag frå kl. 16.00-01.00.

5. Skjenketid for alkoholhaldig drikk for gruppe 3 er:

☐Mandag- søndag frå kl. 16.00- 01.00

8. Styrar: Liv Bente Skagen f. 27.05.80

Avløysar: Janne Therese Johnsen f. 18.11.84

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagetilgang: Klagefrist er 3 veker etter motteken melding om vedtak, jf. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Alver bakeri og catering AS org.nr. 934047486 vert innvilga skjenkeløyve gruppe 1-3 med føresetnad om at avløysar har bestått kunnskapsprøva i Alkohol før løyvet kan tas i bruk.

PS 38/25 Orienteringar til Levekår 14.10.25

Handsaming i Utval for levekår - 14.10.2025:

Orienteringane er samrøystes teke til vitande.

Vedtak i Utval for levekår - 14.10.2025:

Orienteringar er teke til vitande.

RS 23/25 Status Alvermodellen v/Randi Kvinge

RS 24/25 Status Knarvik aktivitetspark

RS 25/25 Status ungdomsmiljø - førebyggjande arbeid v/
poltikontakten

RS 26/25 Orientering Alver kommunedelplan